

**Møteprotokoll**

| | |
|------------------|---------------------------------|
| Utval: | Stord kommune, Kontrollutvalet |
| Møtestad: | Stord rådhus, kommunestyresalen |
| Dato: | 22.09.2025 |
| Tid: | 14:00 – 16.00 |

Følgjande faste medlemer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---------------------------|-----------|---------------|
| Tarjei Aamot Haga | Leiar | AP |
| Nils Magne Blålid | Nestleiar | SV |
| Inga Margrethe Fagerbakke | Medlem | AP |
| Fredrik Litleskare | Medlem | H |
| Randi Høgås Nesse | Medlem | UAVH |

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
|------|----------|---------------|

Følgjande varamedlemer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Andre som møtte

| Namn | Stilling |
|---------------------------|---|
| Tommy Johansen | Kommunedirektør (PS 23 – 24/25) |
| Kjersti Gjuvslund | Forvaltningsrevisor, Deloitte AS |
| Solveig Bø Daltsø | Rekneskapsrevisor, BDO |
| Ørjan Johannessen | Rekneskapsrevisor, BDO |
| Malene Hopsdal Grønningen | Rådgjevar ved sekretariat for kontrollutvalet |

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off |
|--------------------------|--|-------------------------|--------------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 7/25 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 8/25 | Godkjenning av protokoll frå møte 21.05.25 | 2023/470 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 23/25 | Kontrollutvalet sine ressursar innan revisjon og sekretariat - presentasjonar. | 2023/514 | |
| PS 24/25 | Kommunedirektøren orienterer om postlistene i Stord kommune | 2023/469 | |
| PS 25/25 | Vurdering av om BDO er uavhengig i høve Stord kommune | 2024/52 | |
| PS 26/25 | Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2025 for Stord kommune | 2023/476 | |
| PS 27/25 | Budsjett 2026 for kontrollarbeidet i Stord kommune | 2023/486 | |
| PS 28/25 | Eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap - prosjektplan | 2025/27 | |
| PS 29/25 | Forvaltningsrevisjon innan beredskap - oppfølging | 2022/248 | |
| PS 30/25 | Informasjon frå FKT sin fagkonferanse i 2025 | 2023/471 | |
| PS 31/25 | Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune | 2023/472 | |
| PS 32/25 | Eventuelt | 2023/468 | |
| | Referat saker | | |
| RS 17/25 | Velkommen til Kontrollutvalgslederskolen del 3, 15. – 16. oktober 2025 på Clarion Hotel Oslo Airport | 2022/33 | |
| RS 18/25 | Mottekne skriv som i hovudsak er relatert til selskap der Stord kommune har eigarinteresser | 2023/475 | |

GK 7/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 8/25 Godkjenning av protokoll frå møte 21.05.25

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.05.2025 vert godkjent.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 21.05.2025.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.05.2025 vert godkjent.

PS 23/25 Kontrollutvalet sine ressursar innan revisjon og sekretariat - presentasjonar.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart halde ei kort introduksjonsrunde for dei som ikkje tidlegare har delteke i kontrollutvalsmøte i Stord kommune.

Blant desse var nyttilsett i sekretariat for kontrollutvalet, Malene Hopsdal Grønningen, samt representantar frå BDO, senior manager Ørjan Johannessen og partner Solveig Bø Dalstø.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 24/25 Kommunedirektøren orienterer om postlistene i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om ei årleg orientering om uønska hendingar som er rapportert til Datatilsynet siste år, eller der kommunen har vurdert å rapportera. Om ikkje anna er avtalt, blir slik informasjon gjeve årleg av kommunedirektøren i første kontrollutvalsmøte av året, neste gong i første kontrollutvalsmøte i 2026.
3. Utvalet vil elles be særskilt om informasjon når utvalet finn behov for det gjennom året.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør held si orientering.

Sekretariatet presenterte tre alternative vedtak:

1. fortløpande orientering
2. årleg orientering
3. årleg orientering, og elles ved behov

Det siste alternativet vart lagt fram som sekretariatet sitt forslag til vedtak.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om ei årleg orientering om uønska hendingar som er rapportert til Datatilsynet siste år, eller der kommunen har vurdert å rapportera. Om ikkje anna er avtalt, blir slik informasjon gjeve årleg av kommunedirektøren i første kontrollutvalsmøte av året, neste gong i første kontrollutvalsmøte i 2026.
3. Utvalet vil elles be særskilt om informasjon når utvalet finn behov for det gjennom året.

PS 25/25 Vurdering av om BDO er uavhengig i høve Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Solveig Bø Dalstø, vedrørande om BDO er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

BDO si eigenvurdering er at ein er uavhengig ift. Stord kommune.

Sekretariatet kan heller ikkje sjå at det kjem fram opplysningar i eigenerklæringa eller i kjente tilleggsopplysningar om anna revisjonsarbeid som svekkar BDO sin ansvarlege revisor sin uavhengigheit i høve Stord kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Solveig Bø Dalstø, vedrørande om BDO er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

PS 26/25 Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2025 for Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå BDO til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2025 vert klar til behandling i møte 03.12.2025 med frist for levering til sekretariatet 19.11.2025.

3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekskapet for 2025 skal behandlast, normalt i maimøtet 2026, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ørjan Johannessen ved BDO presenterte overordna revisjonsstrategi for Stord kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå BDO til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2025 vert klar til behandling i møte 03.12.2025 med frist for levering til sekretariatet 19.11.2025.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekskapet for 2025 skal behandlast, normalt i maimøtet 2026, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 27/25 Budsjett 2026 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2026 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2026.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2026 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2026.

PS 28/25 Eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Evt. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 02.10.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 27.04.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i maimøtet i 2026.
6. Utvalet ber om, slik tradisjonen har vore i fleire år, unytta løyvingar ift. bestillingar i inneverande år vert overført til budsjettår 2026.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.

2. Evt. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 02.10.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 27.04.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i maimøtet i 2026.
6. Utvalet ber om, slik tradisjonen har vore i fleire år, unyttta løyvingar ift. bestillingar i inneverande år vert overført til budsjettår 2026.

PS 29/25 Forvaltningsrevisjon innan beredskap - oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek orientering frå kommunedirektør den 22.09.2025 om status og vidare framdrift til orientering.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet er nøgd med oppfølginga av revisjonen frå Stord kommune, og tilrår at kontrollutvalet avsluttar oppfølginga av forvaltningsrevisjon beredskap.

Kontrollutvalet vil likevel ha framleis merksemd på temaet gjennom den ordinære oppfølginga av kommunen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek orientering frå kommunedirektør den 22.09.2025 om status og vidare framdrift til orientering.

PS 30/25 Informasjon frå FKT sin fagkonferanse i 2025

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsmedlem Fredrik Litleskare ga informasjon om FKT sin fagkonferanse 3.-4. juni.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 31/25 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart halde gjennomgang av protokollar frå utvalsmøte i dei respektive utvala som medlemmane er tildelte ansvar for.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 32/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart under eventuelt ein kort diskusjon om Stord kommune sitt eigarskap i aksjeselskap.

Temaet vart teke til orientering, utan vidare oppfølging.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

RS 17/25 Velkommen til Kontrollutvalgslederskolen del 3, 15. – 16. oktober 2025 på Clarion Hotel Oslo Airport

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsleiar og nestleiar har ikkje høve til å stille.

Utvalsmedlem Fredrik Litleskare uttrykka ønskje om å stille.

Utvalet støtta at han kunne delta.

Vedtak i saka var samrøystes

Vedtak:

Kontrollutvalet er representert ved Fredrik Litleskare på Kontrollutvalgslederskolen del 3.

RS 18/25 Mottekne skriv som i hovudsak er relatert til selskap der Stord kommune har eigarinteresser

Saksprotokoll 22.09.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Vedtak i saka var samrøystes.